



Notat

Dato: 17.03.2016
Arkivsak: 2016/87-22
Saksbehandlar: eirkniv

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Tilskot til merking og gradering av turløyper i Hordaland 2016

Fordeling av tilskotsordning til merking og gradering av turløyper er delegert til fylkesrådmannen i sak 16/2016 om fullmakter på kulturområdet, handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling 19.1.2016.

Den 17. mars fordele ei tildelingsgruppe med representantar frå Bergen og Hordaland turlag, Bergen og omland friluftsråd, Turistinformasjonen i Kvinnherad kommune/ Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Askøy kommune, Gjensidigestiftelsen og Hordaland fylkeskommune kr. 1.880.000 etter gjeldande nasjonale retningsliner. Tildelinga vart vurdert i samanheng med statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar innan fysisk aktivitet og friluftsliv.

Om ordninga

På basis av dei gode resultata av Vestlandsprosjektet for merking og gradering av turløyper (2011- 2013), vart det i 2014 etablert eit nasjonalt turskiltprosjekt *det merkes i heile landet* (2014-2016). Føremålet er å bidra til auka og trygg ferdsel i friluft der folk bur og oppheld seg, gjennom ein felles mal knytt til informasjon, skilting og merking. Tilskotsordninga er retta mot merking og skilting av turløyper i tråd med ein nasjonal standard forankra i *Manual Turskiltprosjektet* og *Merkehåndboka*, www.merkehandboka.no. Innkjøp og produksjon av skilt og infotavler, og utarbeiding av informasjon knytt til tavlene og turkort kan støttast. Prosjektering, infomateriell (utover det som er skildra over), utbetring av sjølve turruta eller til marknadsføring vert det ikkje gitt støtte til. Nytt av året er at det kan søkast om midlar til merking og gradering av padleløyper. Hordaland er ein pilot i dette nasjonale utviklingsarbeidet.

Følgjande kan söke;

1. frivillige organisasjoner og foreiningar (idrettslag, speidarforeiningar, grendelag, velforeiningar, turlag m.fl.) registrert med organisasjonsnummer i det offentlege frivilligheitsregisteret.
2. interkommunale friluftsråd
3. kommunar, reiselivsorganisasjonar, hytteforeiningar og andre interessentar kan sökje saman med ein frivillig organisasjon eller eit interkommunalt friluftsråd.

Gjensidigestiftelsen er viktigaste økonomiske bidragsyter i ordninga og dei stiller krav om 50% fylkeskommunal/ kommunal eigendel, og eit forpliktande samarbeid med kommune og frivillig sektor.

Fordeling av midlar til merking og gradering av turløyper i Hordaland 2016

Fylkestinget 8.- 9. desember 2015 sette av kr 770.000 i fylkeskommunale midlar til turskiltprosjektet. På basis av dette og kr. 471.000 som kommunane melde at dei sette av til dette arbeidet, sökte Hordaland fylkeskommune Gjensidigestiftelsen om kr 1.100.000 i støtte (frist 15. desember 2015). Dette beløpet vart innfridd. I tillegg vart kr 114.000 frå 2015 overført til 2016. Såleis er det kr 1.984.000 til fordeling.

Ved søknadsfristen 15. februar 2016 kom det inn 20 søknadar med tiltak i 20 kommunar. Samla søknadssum på kr 2.344.092. Det er krav om eigne ressursar (dugnad og/eller eigne midlar) og at ein representant frå søker skal gjennomføre kurs i nasjonal merkestandar, eller dokumentere tilsvarende kompetanse på feltet. I Hordaland er det planlagt to regionale dagskurs i april/mai. Tilskotsmottakar har 19 månadar på å ferdigstille arbeidet. Innan 1. april skal søker verte underretta om fordelinga.

Tabellen under viser tildeling av midlar til merking og gradering av turløyper for 2016.

Søkar	Kommune	Område	Kostnad	Søknad	Tilskot	Merknad
Askøy, Meland og BOF	Askøy og Meland	Sjøled i Herdlatriangelet (Skjellanger, Herdla, Rosnesvågen) for padling/robåt. Samarbeidsprosjekt mellom Askøy kommune, Meland kommune og BOF.	441 345	237 345	200 000	Samarbeidsprosjekt for å lage padleløyper i området Sætreosen, Det Naue, Herlefjorden. Der er over 40 holmar og skjær i området.
Austrheim kommune og BOF	Austerheim	Padleløyper	107 150	50 000	50 000	Gradering av 5-6 padleløyper. Setje opp 11 infotavler. Søkjer og om turkort.
Kalandseid IL	Bergen	Turstiar på Kalandseid	83 120	40 000	40 000	Vidareutvikling av eksisterande løypeprosjekt og skilting av nokre nye ruter.
Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	Skilting av innfallsportar til deira hytter	514 000	326 000	250 000	Restarbeid på merking av turstiar til BHT hytter. Restarbeid på ridesti i Odda. Tilsagnsbeløp redusert pga. administrasjon av prosjektet ikkje kan støttast.
Bergen kommune, Grønn etat med Bergens skog- og træplantningselskap	Bergen	Fornye og utbetre eksisterande skilting i Fløyenområdet	172 800	86 400	80 000	Vidareføring av tidlegare prosjekt i byfjella. Forankra i forvaltningsplanar.
Bergen og Omland Friluftsråd	Hordaland	Skilte friluftsområder i 17 kommunar i Hordaland og 9 infotavler om padleruter.	787 936	554 836	447 000	Friluftsområder i 17 kommunar. Turkort til 10 utvalde områder og 9 infotavler om startpunkt for padleløyper.
Goddo Grendalag	Bømlo	Skilte nye løyper og oppgradering av gamle turskilt på Goddo	29 250	14 250	14 000	Nærmiljøturar. Søknaden er ambisiøs i høve til søkte midlar. Søker bør samhandle med Bømlo turlag og kommunen i høve til gjennomføring.

Søkar	Kommune	Område	Kostnad	Søknad	Tilskot	Merknad
Etne Turlag	Etne	20 nærturar i Etne kommune	45 000	28 000	28 000	Skriftleg avtale med grunneigar på plass.
Kvam næringsråd og Kvam kommune	Kvam og Fusa	Turstiar i Kvam og Fusa	210 400	102 000	95 000	Samarbeidsprosjekt med kommunane Kvam og Fusa, næringsråd, turlag og ulike grendalag. Skilt og infotavler på ferdavegen Hålandsdalen/Bolstad. Ønskjer å utarbeide 11 ulike turkort.
Modalen kommune og Modalen idrettslag	Modalen	Utbetring av merking og skilting på og rundt Nygard i Odalen	288 900	116 400	100 000	Nygaard (Krossen) er eit viktig turområde for heile regionen. Ønskjer å auke tilgjenge, tryggleiken for allmenta.
Odda kommune og Hardanger historielag	Odda	Skilting til bygdeborga i Sandvin	69 332	48 332	40 000	Skilting og merking ved bygdeborgen i Sandvin. 10 minutt kjøring fra Odda sentrum. Søker og om turkort.
Osterøy Turlag	Osterøy	Osterfjorden - turskilt og informasjonstavler fase III	325 700	200 000	180 000	Infortavler i tettstadane med stiar i nærområde rundt Osterfjorden. Søker også om infotavler til padleløyper i Storavatnet turkort.
Radøy kommune og Risnes Grendalag	Radøy	Stiar i Risnes krinsen	77 510	38 500	38 000	Mykje brukte turløyper. Gjere dei meir tilgjengelige og auke bruken ytterlegare.
Radøy kommune og Vetås bygdelag	Radøy	Stiar til Vetåsveten og Ornnipa	57 760	28 500	28 000	Skilte og merke to stiar i Vetås-området. Turen Ornnipa går delvis på skogsvei og kan nyttast av barnevogn/ rullestol.
Radøy kommune og Sætre Grendalag	Radøy	Tursti frå Sætre til Lommetjørna	28 420	14 000	14 000	Mykje nyttar tursti, spesielt frå dei som bur i området. Gode parkeringshøve.
Sund Turlag	Sund	Turskiltprosjektet over Veten	300 100	150 000	130 000	Nye turstiar skal merkast i kommunen. Nye løyper og trase over Veten. Søkt om turkort på 6 turar.
Sveio kommune og Sveio Turlag	Sveio	Turstiar i tettstaden Førde	199 500	99 750	90 000	Todelt søknad. Videreføring av skilting av dei mest brukte nærmiljøturane i Sveio. Samstundes ønskjer dei å merka Rex Garden, i tettstaden Førde.
Sveio kommune og Førde bygdalag	Sveio	Turstiar i Sveio sentrum og tettstaden Førde.	151 395	75 700	70 000	Nye og fleire løyper til toppane som stadig vert eit meir populært turmål. Alle har utgangspunkt i Førde sentrum.

Søkar	Kommune	Område	Kostnad	Søknad	Tilskot	Merknad
Turn og idrottslag						Hordaland turlag og Ullensvang herad. Har kjøpt skilt for 2015 tilskot, og søker no om midlar til fundamentering og utsetjing.
Voss Utferdsdag	Voss	Klopper, bruer og informasjonstavler i Storåsen	142 854	70 354	40 000	I samarbeid med Voss MTB klubb og Voss hestesportslag. Kan ikke støtte kloppar og bruer – kostnad og dugnadstimar er såleis nedjustert. Søkar skal setje opp 10 informasjonstavler.
Totalt			4 160 097	2 344 092	1 984 000	

Utsyn – vidare arbeid med merking og gradering av turløyper

2016 er siste prosjektåret for det nasjonale turkiltprosjektet *Det merkes i hele landet*. I Hordaland er det sjette året det vert fordelt midlar til dette arbeidet. Det er merka og gradert løyper i 31 kommunar og særsmange ulike typar organisasjonar har vore involvert og engasjert i det lokale arbeidet. Søknadsmassen dei seinare åra viser at det framleis er behov for midlar til dette arbeidet; 2014 - 27 søknadar, 2015 – 25 søknadar og i 2016 -20 søknadar. I alle åra har samla søknadssum vore høgare enn midlar til fordeling.

Ein nasjonal standard for merking og gradering av padleløyper er nyleg utarbeida etter pilotarbeid i Hordaland, og skal prøvast ut i ulike delar av landet og implementerast i *Merkehandboka* i løpet av 2016.

Med auka fokus på skilting i tettstader og bynære områder og utvikling av lavterskelinformasjon som turkort, vil det etter 2016 framleis vere behov og interesse for å skilte og merke turstiar og padleløyper i Hordaland. Det har vore få søknadar på merking av løyper for sykkel og ski. Truleg er det eit potensiale for betre tilrettelegging for desse aktivitetane ved skilting. Hordaland og dei andre vestlandsfylka var pilot i høve til å ta i bruk den nasjonale standarden. Sidan 2011 har kvaliteten på skilta og tavlene utvikla seg mykje og såleis vert det behov for å skifte ut enkelte skilt/tavler før det er gått 10 år (søkar tek på seg driftsansvar i søknaden). Drift av eksisterande og nye turløyper bør forankrast i kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. I tillegg er det viktig at midlane til turkiltprosjektet vert sett i samanheng med andre tilskotsordninga slik at ein sikrar ein heilskapleg utvikling der løypene vert teknate i bruk av flest mogeleg.

Den nasjonale styringsgruppa for turkiltprosjektet skal ta stilling til evt. vidareføring av eit felles nasjonalt prosjekt 31. mai – 1. juni. I styringsgruppa deltek representantar frå Gjennsidigestiftelsen, Den Norske Turistforeningen, Friluftsrådenes Landsforbund, Norsk Friluftsliv, Innovasjon Norge, forbundet Kysten, Miljødirektoratet og fylkeskommunar. Fylkesidrettssjef Britt Karen Spjeld deltek som ein av tre representantar frå fylkeskommunane. Fylkesrådmannen vil i løpet av hausten leggje fram ei politisk sak til Utval for kultur, idrett og regional utvikling om vidareføring av arbeidet med merking og gradering av turløyper.